

# Sakliste for forhandlingsmøte

## regionårsmøtet for Normisjon Sogn og Fjordane 2023

### **Tale- og stemmerett under årsmøtet:**

Enkeltmedlemar og betalande medlemar i foreiningane har stemmerett som er betalande medlemar innan 31.12.2021.

Ved spørsmål må dette dokumenterast.

Ei enkeltforeining kan ikkje ha meir enn 25% stemmerett av totalt tal deltakarar med stemmerett under årsmøtet. Jamfør §5 i regionlovene som du finn her:

1. Gå til nettsida [www.normisjon.no](http://www.normisjon.no)
2. Velg "Ressursdokumenter" i Meny på høgre side i vindauget.
3. Velg "Normisjons lover" og bla deg ned til regionlovene.

Opning av årsmøtet v/styreleiar John-Olav Hoddevik

### **Sak 01: INNKALLING OG SAKLISTE**

**Framlegg til vedtak:** *Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.*

### **Sak 02: KONSTITUERING**

- a) Val av to ordstyrarar:
- b) Val av to protokollførarar
- c) Val av to personar til å skrive under protokollen:
- d) Val av teljekorps:
- e) Val av referent til avisene og regionblad:

**Framlegg til vedtak:** *Samrøystes godkjent*

### **Sak 03:      ÅRSRAPPORT 2022**

Årsrapport for regionen blir presentert i innleiing.

*Framlegg til vedtak: Årsrapport 2022 er samrøystes godkjent.*

### **Sak 034      REKNESKAP 2022**

Årsrekneskap og fordelingsnøklar inntekter region og nasjonalt blir presentert i innleiing. Kommentrar om budsjett 2023.

*Framlegg til vedtak: Revidert årsrekneskap 2022 er samrøystes godkjent.*

### **Sak 05      ORIENTERING FRÅ EININGANE**

- |                                     |                             |
|-------------------------------------|-----------------------------|
| a) Nordfjord Folkehøgskule          | v/ Hildegunn Tennebø        |
| b) Sunnfjord Folkehøgskule          | v/ Jon Olav Leira           |
| c) Innvik Fjordhotell Misjonsheimen | v/Anna Marie Skogli Vatnamo |
| d) Fjordly ungdomssenter            | v/ Hildegunn Vederhus       |
| d) Holmely omsorg og retreat        | v/Eva Langseth              |
| e) Fjordly barnehage                | v/Wenche Nygård             |
| f) Teigen leirstad                  | v/Sigrun Savland            |

*Framlegg til vedtak: Orientering frå einingane er tatt til vitande.*

### **Sak 06: Revidering Normisjons lovverk**

Normisjon reviderer språkdrakt i lovene for lokalt, regionalt og nasjonalt arbeid. I tillegg kjem eit nytt lovverk for kyrkjelydar i Normisjon. Framlegg til endringar er sendt på høyring for innspel frå regionstyrene før dei vart handsama av landsstyret i februar i år. Det er landsstyret sitt framlegg som no blir sendt til regionårsmøtet som sak.

*Framlegg til vedtak: Regionårsmøtet slutter seg til landsstyret sine framlegg om lovendringar som blir lagt fram på generalforsamling 2024.*

### **Sak 07: Vedtekter Stiftinga Sunnfjord folkehøgskule**

Orienteringssak til regionårsmøtet:

Grunna endra lovverk for drift og eigarstyring av private barnehagar har styret i Stiftinga Sunnfjord folkehøgskule gjort nødvendige endringar i formulering i §2-Formål, i det tredje og det siste avsnittet. Prosessen er utført i samsvar med §9.2 i stiftingsvedtektene for Stiftinga Sunnfjord folkehøgskule.

Styret gjorde i møte 22.4.22 slikt vedtak:

*Sak 5/22 Endring i vedtekter for Sunnfjord Folkehøgskule*

### *Bakgrunn*

*Styret ønsker ei presisering av vedtektene for å gjere det tydeleg korleis eit eventuelt overskot skal forvaltast. Vedtektene § 9.2 opnar for at styret sjølv kan vedta endringar i vedtektene når endringa er grunngjeve med endring av lov og/eller forskrift. I denne saka er bakgrunnen ei endra tolking av reglane for skatteplikt, og styret finn då at endringa fell inn under § 9.2.*

*Saka vart drøfta.*

### **Vedtak:**

*Endringar merka med raudt blir tekne inn i vedtektene. Endringar som er streka over blir telene ut av vedtektene. Etter endringa skal § 2 lyde slik:*

## **§ 2 FØREMÅL**

*Stiftinga sitt føremål er å drive folkehøgskulen med eit verdigrunnlag bygt på Bibelen og Den norske Kyrkja sine vedkjenningskrifter, og tiltak som naturleg kan einast med dette.*

- *Gjennom fagleg breidde og tyngde fremje allmenndanning, folkeopplysning, engasjement og verdibevistgjerung.*
- *Formidle og utfordre til kristen tru og liv.*
- *Legge til rette for personleg vekst og utvikling.*
- *Utfordre elevane til å ta ansvar for eige liv, medmenneske og livsmiljø.*

*Skulen sitt personale må arbeide i samsvar med skulen sitt kristne verdigrunnlag og mål, og delta i skulen si formidling av kristen tru og liv.*

*Stiftinga kan drive barnehage. **Utbytte frå barnehagen skal gå attende til barnehagen og brukast til barnets beste.***

*Stiftinga kan støtte prosjekt som er knytt opp mot stiftinga sin føremålsparagraf. I sommarhalvåret kan stiftinga drive sommarhotell og/eller vandrarheim. Stiftinga forvaltar eigedommar.*

*Forvaltning av eigedom, drift av barnehage, drift av sommarhotell/vandrarheim eller andre delar av verksemda kan leggjast til selskap som stiftinga eig heilt eller delvis. **Alle delar av drifta skal uansett drivast til det beste for stiftinga. Verksemda har et ideelt, ikkje økonomisk, formål og det skal ikkje takast ut utbytte.***

Styret presisere at endringane i vedtektene ikkje medfører endringar i stiftinga sin rekneskapsmessige praksis. Etter råd frå PBL og revisor vel styret å presisere at Solvang Barnehage sitt eventuelle overskot skal gå attende til utvikling av barnehagen og barnet sitt beste. Sunnfjord Folkehøgskule er ei ideell stifting (sjå §2) og har aldri drive med økonomisk vinning som føremål og vil heller ikkje kunne gjere det i framtida.

Proessen fram mot vedtaket er gjort i samråd med Regionstyret i Normisjon v/John Olav Hoddevik. Endringar i føreskriftene vil ikkje bli oversendt Stiftelsestilsynet før godkjenning av Regionsstyret.

**Representantskapet for stiftinga vart i årleg møte 26.10.2022** orientert om endringa og oppretting av nytt driftsselskap i sak 6 frå møteprotokoll:

**«Sak 6. Barnehagen skiljast ut som eige rettsobjekt**

**Vedtak:** Representantskapet har ingen merknader til oppretting av Solvang Barnehage AS»

*Framlegg til vedtak: Regionårsmøtet tar endring i vedtektene for Stiftelsen Sunnfjord folkehøgskule til vitande.*

### **Sak 08: Eigarvedtekter Fjordly barnehage**

Grunna endra lovverk for drift og eigarstyring av private barnehagar har regionstyret fått vurdert eigarvedtektene av revisjonsfirmaet BDO Sandane. I deira tilbakemelding foreslår dei å konkretisere ei formulering i punkt 2 siste setning.

Viser til hyggelig samtale i går vedrørende vedtektene for barnehagen.

Som nevnt er det gjort endringer i barnehageloven som vil få konsekvenser for enkelte barnehager.

Det innebærer blant annet at hver barnehage skal være et selvstendig rettssubjekt som leverer fullstendige regnskaper. Videre er det forbud mot at barnehagen eier eller driver annen virksomhet som ikke har nær tilknytning til barnehagedriften. For å være i tråd med det nye regelverket må slik virksomhet overføres til et eget rettssubjekt.

Vi forstår det slik at dere allerede er et eget rettssubjekt, registrert i Enhetsregisteret som en forening og dere leverer fullstendige regnskaper. Videre så har barnehagen ikke annen virksomhet som ikke har nær tilknytning til barnehagedriften.

Basert på det ovennevnte er det ikke krav om ny organisering for Fjordly barnehage.

Som nevnt i går kan det være greit å endre eiervedtektene for å unngå misforståelser.

I punkt 2 siste setning står det:

‘Barnehagen har ikke erverv til formål og eventuelle overskudd kan ikke tas, men skal komme barnehagen til gode.’

Foreslår: ‘Barnehagen har ikke erverv til formål og eventuelle overskudd kan ikke deles ut til eier, men skal komme barnehagen til gode.

#### ***Framlegg til vedtak:***

*Regionårsmøtet endrer eigarvedtektene for Fjordly barnehage i tråd med framlagt innstilling frå revisjonsfirmaet BDO. Punkt 2 Formål vil med endringar i siste setning ha denne ordlyden:*

#### **2. FORMÅL**

*Virksomheten skal drives i samsvar med de til enhver tid gjeldende lover, forskrifter og kommunale vilkår for barnehagevirksomhet, barnehagens egne vedtekter, fastsatt budsjett, strategiplan for drift og årsplan for barnehagens pedagogiske virksomhet.*

*Barnehagen skal gi barna mulighet for samvær og lek under tilsyn og omsorg av voksne, samt gi gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nært samarbeid med barnas hjem. Barna skal oppdras i samsvar med kristne grunnverdier.*

*Barnehagen har utvidet kristen formålsparagraf.*

*Barnehagen har ikke erverv til formål og eventuelle overskudd kan ikke deles ut til eier, men skal komme barnehagen til gode.*

## **Sak 09: VAL**

Orientering av Marta Fimreite i valnemda.

Kandidatar til val på regionårsmøtet 22.4.2023

### **1.1.Regionstyret**

| Tittel           | Navn                              | Periode          | Bustad   |                                    |
|------------------|-----------------------------------|------------------|----------|------------------------------------|
|                  | <b><u>IKKJE PÅ VAL I 2023</u></b> |                  |          |                                    |
| Leiar            | John Olav Hoddevik                | 2022-2024        | Sandane  | Ikkje på val                       |
| Nestleiar        | John Bjarne Geithus               | 2021-2024        | Naustdal | Ikkje på val                       |
| Styremedl.       | Margrete Haug                     | 2021-2024        | Sogndal  | Ikkje på val                       |
| Styremedl.       | Aud Norunn Vig                    | 2022-2025        | Florø    | Ikkje på val                       |
| Ansatt repr.     | Stine Lillebø Hopland             | 2022-2024        | Eid      | Valgt av tilsette                  |
| Vara tilsettes   | Eva Stavseth Langseth             | 2022-2024        | Bryggja  | Valgt av tilsette                  |
|                  |                                   |                  |          |                                    |
|                  | <b><u>PÅ VAL I 2023</u></b>       |                  |          |                                    |
| Styremedlem      | Kåre Mikal Christoffersen         | 2023-2026        | Innvik   | Ja til kandidat                    |
| Styremedlem      |                                   | 2023-2026        |          | Kandiat manglar                    |
| 1.vara           |                                   | 2023-2024        |          | Kandidat manglar                   |
| 2.vara           | Anne Berit Refvik                 | 2023-2024        | Måløy    | JA til attval                      |
| 3.vara           | Svein Helge Hovstad               | 2023-2024        | Sandane  | JA til attval                      |
| <i>Actarepr.</i> |                                   | <i>2023-2024</i> |          | <i>Veljast av<br/>Actaårsmøtet</i> |

*Framlegg til vedtak: Kåre Mikal Christoffersen og .....er valt som faste styremedlem for 3 år (2023-2026)*

*Framlegg til vedtak: Som varamedlemer for perioden 2023-2024 er valgt til 1.vara....., til 2.vara Anne Berit Refvik, til 3.vara Svein Helge Hovstad.*

### 1.2. Valnemnd

|             |                                   |           |            |                 |
|-------------|-----------------------------------|-----------|------------|-----------------|
|             | <b><u>IKKJE PÅ VAL I 2023</u></b> |           |            |                 |
| Fast medlem | Karl Øystein Haug                 | 2022-2024 | Førde      |                 |
| Fast medlem | Jermund Myklebust                 | 2022-2024 | Kjølsdalen |                 |
|             |                                   |           |            |                 |
|             | <b><u>PÅ VAL I 2023</u></b>       |           |            |                 |
| Fast medlem | Liv Årdalsbakke Bruland           | 2023-2025 | Førde      | Ja til kandidat |

*Framlegg til vedtak: Liv Årdalsbakke Bruland er valgt til fast medlem i valnemnda for perioden 2023-2025.*

### 1.3. Revisor

|             |                             |           |           |                 |
|-------------|-----------------------------|-----------|-----------|-----------------|
|             | <b><u>PÅ VAL I 2023</u></b> |           |           |                 |
| Fast medlem | Normann Aarseth             | 2023-2024 | Vassenden | Ja til attval   |
| Fast medlem | Nils Klakegg                | 2023-2024 | Vassenden | Ja til kandidat |

*Framlegg til vedtak: Normann Aarseth, Vassenden, og Nils Klakegg, Vassenden, er valgt som revisorar for rekneskapsåret 2023 for regionen.*

### **Sak 10: Delegatar generalforsamling Normisjon 2024**

Generalforsamling for Normisjon er satt til 12.-15.januar 2024 i Stavanger, i samarrangement med M>ER-konferansen og Landsmøtet for Acta barn og unge i Normisjon.

Saker er ikkje klare, så til dette må det kallast inn til ekstraordinært årsmøte på eit seinare tidspunkt.

Det skal og veljast utsendingar frå regionen til generalforsamling. Ifølge Normisjons nasjonale lover §9 skal regionane velje utsendingar slik, eller velje ei alternativ delegatfordeling:

§9 Generalforsamling holdes hvert tredje år på det sted landsstyret bestemmer.

Generalforsamlingen består av

- To utsendinger fra foreninger med inntil 25 medlemmer
- Tre utsendinger fra foreninger med fra 26 til 50 medlemmer
- Fire utsendinger fra foreninger med fra 51 til 100 medlemmer
- Fem utsendinger fra foreninger med over 100 medlemmer
- Én utsending for hvert tiende direktmedlem i den enkelte region, valgt av regionårsmøtet eller etter en prosedyre fastsatt av regionårsmøtet. For å være valgbar må medlemskapet ha blitt tegnet før 31.desember året før generalforsamlingen holdes, jf § 7 andre ledd.
- Landsstyret

- g) Leder og en annen representant fra regionstyrene
- h) Seks representanter fra Actas landsråd
- i) Styrelederne og rektorene for Bibelskolen i Grimstad, Gå Ut Senteret, Gjennestad, Tomb og Øya videregående skoler.
- j) Én representant for hver av Normisjons øvrige skoler, skoler som er egne stiftelser og barnehager.
- k) Generalsekretæren og avdelingslederne ved hovedkontoret
- l) Regionlederne
- m) Daglig leder for Actas hovedkontor
- n) En representant fra de ansatte i hver region og en representant fra de ansatte på hovedkontoret.
- o) Lederen og to misjonærer valgt av misjonærene i hvert av samarbeidslandene.
- p) To representanter fra hvert av de regionale styrene i Acta.
- q) Kontrollkomiteens leder, som deltar uten stemmerett.

***Framlegg til vedtak:*** Delegater frå regionen blir valgt i samsvar med §9 i lovene for Normisjon nasjonalt. Regionstyret gis fullmakt til å oppnemne delegatar frå direkte medlemmar busett i regionen i samsvar med §9e. i lovene for Normisjon nasjonalt og §5 i regionlovene.

#### **Sak 11:       Spørsmål frå Davik Normisjon**

---

Davik Normisjon ønsker dette på agendaen til årsmøtet:

1. Tilsetjingsprosedyrer i Normisjon
2. Satsingsområder framover, kva er plan for foreiningane, leggje ned eller styrke arbeidet lokalt. Er det gjort noko vedtak i styret om dette? Sentralt?
3. Ungdomsarbeid, kva er gjort sidan årsmøtet i 2019 då dette var på agendaen?
4. Demokrati i Normisjon, fungerer det? Har tilsette for mykje makt? Lyttar tilsette og styret til medlemmane sine?

***Framlegg til vedtak:*** Regionårsmøtet tar orientering til vitande.